

# Bjørkebokstavar

Av Hilde Myklebust. Illustrert av Tone Lileng.



## Før

I stykket fekk vi høyre diktet «Overrasking», side 46, som handlar om det å få ein hund. Hugsar de kva for ei kjensle som var knytt til diktet? (Glede)

Læraren vel om elevane skal snakke saman to og to, eller om elevane skal tenkjeskrive for seg sjølv om eitt eller begge punkta under:

1. Tenk deg at du bur langt frå andre born og ønskjer deg ein hund. Korleis trur du det kjennest å ønskje seg noko så mykje?
2. Å ønskje seg noko og å lengte etter nokon er liknande kjensler. Kan du hugse ein gong du har lengta etter nokon, til dømes lengta heim? Fortel om det eller skriv.

## Lesing og samtale

Les saman og vis tekstan på tavla, og snakk saman i klassen om punkta til kvart dikt:

### «God ven», side 55

- Kva stemning er det i diktet? (Roleg, trist og så glad?)
- Kva for nokre ord er det som gjer at vi kjenner stemninga og som får fram kjenslene? (Adjektiva «varm», «stille» og «logrande»)
- Kva skjer viss vi les diktet og hoppar over adjektiva?

### «Poteskrift», side 58

- Kva synest de var lett å forstå og kva var meir vanskeleg?
- Les siste setninga. Korleis kan vi forstå det å «lese poteskrift»?



Samlaget



Olav H. Hauge-senteret



Nynorsk kultursentrum



NYNORSKSENTERET  
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

!les

I boka *Bjørkebokstavar* er det dikt om andre hendingar og stemningar, til dømes «Gleptak», side 38.

Snakk saman i klassen:

- Kva handlar diktet om?
- Kva er tittelen, og kvifor trur de han er som han er? (Gleptak er samansett av å gleppe og å ha eit tak på noko. Motsetnader)
- Diktet er delt i tre delar. Kva kjensle er det i kvar del? (Forslag: Glede, overrasking, redsle)
- Kva fargar er det vi høyrer om, og kva kan dei bety? (Grønt, gult, raudt og svart – vege ned gjennom lauvverket til han eller ho fell på bakken og svimar av)



### **Andre kjelder**

Andre kjelder der ein kan finne inspirasjon til å arbeide meir med boka eller med bjørk som tema:

Faktaark om norske lauvtre, frå Naturfagsenteret:

<https://www.naturfagsenteret.no/binfil/download2.php?tid=2150016>

Om Bjørk og bjørkefamilien, i Allkunne.no:

<https://www.allkunne.no/caplex/500/575--dekkfroa-planter-/bjork//299/8189/>

Fakta om forfattar Hilde Myklebust, i Allkunne.no:

<https://www.allkunne.no/framsida/biografiar/m/hilde-myklebust/96/83786/>

Tekst i framtidajunior.no om å lage klede av bjørk:

<https://framtidajunior.no/2019/01/15/forskalar-lagar-klede-av-bjork-og-gamle-aviser/>

Tverrfagleg opplegg i norsk, naturfag og KRLE om Bjørkebokstavar, primært for 3.–4. trinn.

Med bjørkebokstav-bingo og natursti:

<https://www.nynorskbook.no/2019/05/14/bok-pa-1-2-3-bjorkebokstavar/>